

## SAMBANDET VEST AS

Til aksjonærer i selskapet SAMBANDET VEST AS:

ASKØY kommune, RADØY kommune, AUSTRHEIM kommune, MELAND kommune, LINDÅS kommune, BKK, AS, FRANK MOHN AS.

### Innkalling til ordinær generalforsamling for SAMBANDET VEST AS for 2013.

Eigarane av SAMBANDET VEST AS innkalles herved til ordinær generalforsamling, TIRSDAG 24. JUNI 2014, kl 15,00. Stad: Rådhuset, Meland k. Frekhaug.

Registrering av representantar for eigarane-aksjonærane.

Følgjande saker skal handsamast:

- 1 Val av møteleiar, referent, og to representantar til å skriva under protokollen.
- 2 Godkjenning av innkalling og saksliste.
- 3 Godkjenning av selskapets årsrekneskap for 2013.
- 4 Godkjenning av selskapets årsberetning for 2013.
- 5 Overdraging av aksjar frå kommunane Austrheim, Radøy, Meland, og Lindås,-til Regionrådet Nordhordland IKS, Jf skriv frå R.N, IKS.  
NB: Sjå vedtekene, SV AS, punkt 10, forkjøpsrett.
- 6 Innbetaling av rest aksjekapital vedteken av generalforsamlinga 24.06.2013, sak 6/2013, *nyteikning av aksjar*.
- 7 Fastsettjing av honorar til styrets medlemmer
- 8 Godkjenning av godtgj. til revisor-
- 9 Ev økonomisk garanti frå selskapet`s eigarar-aksjonærar for videre drift av selskapet.
- 10 Val av styremedlemmer.

Aksje-eigarane kan la seg representera ved fullmektig, som må framleggja skriftleg fullmakt.

Med venleg helsing

  
John M. Bauge, styrel.

## GENERALFORSAMLING SAMBANDET VEST AS.

Tirsdag, 24.juni-2014, rådhuset, Meland k, Frekhaug.

### SAKSUTGREIING:

**Sak 5/214** Overdraging av aksjar frå kommunane: Meland, Lindås, Radøy, og Austrheim,-til regionrådet Nordhordland IKS.

I sak 6/2013, på Generalforsamlinga for eit år sidan, vart asjekapitalen nedskriven til 0, og det vart vedteken teikning for kr 1.600.000,- i ny aksjekapital. Regionrådet NH IKS hadde bevilga kr 450.000 frå kommunane i Nordhordland,(Meland, Austrh, Radøy og Lindås) medan kommunane sjølv ikkje hadde vedtak for meir enn det beløpet. Generalforsamlinga vart difor einige om at dei øvrige aksje-eigarane og betalte inn halvparten av sine tilsagn, med innbetalingsfrist utgangen av august-2013. ( Tilsaman kr 800.000,-)

Selskapet har i tida etter, arbeida vidare med forprosjektet, underrapportar,og treng dermed utbetaling av rest aksjekapital, kr 800.000,- i 2014. Dette for å kunne attendebetala lån frå Askøy k , gjeve i 2010-på kr 1,222 mill.-innan utgangen av 2014.

No ynskjer dei nemde kommunar å overføra sine aksjar til NH Regionråd IKS. Saka skal handsamast i NH Regionråd IKS i møte i juni, og styreleiar har bedt om at ev vedtak vert sendt Samb Vest AS –før selskapet`s Generalforsamling. I den samanheng gjer ein eigarane i Samb.Vest merksam på vedtekten i selskapet, punkt 10, som omhandlar forkjøpsrett ved overdraging av aksjar.

**STYRETS TILRÅDING:** Med etterhald om at nokon av eigarane i S V AS ønskjer nytt forkjøpsretten, tilrår styret at Regionrådet Nordh. IKS får overta aksjane frå kommunane Austrh,( 22 aksjar) Meland,( 24 aksjar) Radøy( 22 aksjar) og Lindås(22 aksjar)-totalt 90 aksjar a kr 10.000,-

**Sak 6/2014** Innbetaling av rest aksjekapital, kr 800.000,-

For m.a. tilbakebetala lån frå Askøy kommune, gjeve i 2010 til drift av selskapet, bed styret i SV AS generalforsamlinga gjera vedtak om at rest aksjekapital, kr 800.000,- vert innbetalt innan nov.2014.

**STYRETS TILRÅDING: Generalforsamlinga i Samb.Vest AS vedtek at rest aksjekapital, kr 800.000, vert innbetalt innan nov.2014.**

**Sak 7/2014:** Fastsetting av honorar til styrets medlemmer:

**STYRETS TILRÅDING: Honorar-satsane for styremedlemmer, styreleiar, og nestleiar vert uendra.**

**Sak 9/2014:** Økonomisk garanti frå eigarane for framhaldande drift dei nærmeste åra. Når lånet frå Askøy k vert tilbakebetalt i 2014, vil det berre vera att vel 100.000-150.000 av aksjekapitalen til drift av selskapet. Når no forprosjektet vonaleg vert komplett i 2014, skal konseptet-prosjektet «selgjast inn» til alle viktige institusjonar som: Fylkeskommunen, vegdirektorat, St vegv. eigarkommunane, ev med fleire, dei store (og små) verksemndene, osv. Dette er eit viktig arbeid med å få realisert prosjektet. Eit overslag tilseier at det går med ca 400.000 pr år i ein tre-års-periode til dette arbeidet. Det er difor viktig å få sterke signal, helst med sikkerheit i at eigarane vil finansiera vidare nøktern drift i selskapet for 2015-16-og -17. Alternativt må selskapet avviklast.

**STYRETS TILRÅDING: For vidare kunne arbeida fram prosjektet både finansielt og godkjennings-messig gjev eigarane garanti til økonomisk drift fram til og med 2017, med ca 400.000,- pr år.**

Sak 10/2014 Val av styremedlemmer: Følgjande styremedl står på val i år:  
Askøy k: Kathrine Vollevik Knudsen, med personleg vararepr. Nina Jarlind

Lindås/Meland: Sigmund Larsen, med pers vararepr.Ragnar Bratland

BKK AS: Juliet Balgobin, med personl vararepr. Atle Neteland.

Val av styreleder-nestleder.

Daglig leder: Etter at dagl.leder Vidar Aasebøe ble 100 % sykemeldt i nov.2013 har selskapet vært utan daglig leder. Styreleder ser det som nødvendig å få tilsatt- i første omgang- vikar for V.Aa, for å få funksjonell drift av selskapet.Det ser ikkje ut til at V.Aa kommer tilbake i ordinært arbeid, slik at dersom det blir videre drift, må ny daglig leder tilsettes. Det har ikkje lukkast å få nokon til å vikariere i stillingen,-så langt. ( 20 % stilling) JMB.